



Arkivnr: 2014/13264-1
Saksbehandlar: Agnete Wiborg

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		27.03.2014

Fordeling av midlar til regional planlegging 2014

Samandrag

Dei regionale planmidlane nyttast primært til oppfølging av planstrategien ved å finansiere førebuing, gangsetjing og utarbeiding av planar vedteke i Regional planstrategien. Denne saka omhandlar fordeling av midlane.

Forslag til vedtak

- | | |
|--|---------------|
| Forvaltningsplan for vatn | kr. 150 000 |
| Klimaplan for Hordaland 2014-2030. | kr. 250 000 |
| Regional plan for attraktive senter | kr. 550 000 |
| Regional kystsonenplan for Sunnhordland og Hardanger | kr. 150 000 |
| Plan for kompetanse og arbeidskraft | kr. 100 000 |
| Regional planstrategi | kr. 150 000 |
| Regional plan for folkehelse | kr. 30 000 |
| Regional kulturplan | kr. 550 000 |
| Utviklingsplan for indre Hordaland | kr. 300 000 |
| Midlar til seinare fordeling | kr. 380 000 |
| Regional plan for Hardangervidda | kr. 42 000 |
| Totalt | kr. 2.642 000 |
- Fylkesrådmannen får fullmakt til mindre justeringar av budsjettet etter behov.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.03.2014

Bakgrunn

Dei regionale planmidlane nyttast primært til oppfølging av planstrategien ved å finansiere førebuing, gangsetjing og utarbeiding av planar vedteke i planstrategien. Denne saka omhandlar fordeling av midlane.

Regional planstrategi 2013-2016 vart vedteke av Fylkestinget i desember 2012 i FT-sak 77/12. Regional planstrategi har gitt ei oversikt og prioritering av større planoppgåver. Omlegginga til planstrategi har gjort regional planlegging meir føreseieleg. Regional planstrategi skal føljest opp med ei årleg rapportering til fylkesutvalet. Samstundes med rapporteringa vert dei regionale planmidlane fordelte.

I Regional planstrategi 2010-12 vart det vedteke oppstart av åtte nye regionale planar fram til 2012:

- Regional plan for folkehelse
- Forvaltningsplan for vassregion Hordaland 2016-2021
- Regional plan for senterstruktur og lokalisering av service og handel
- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet
- Regional plan for Sunnhordland – sjø, strandsoneareal og transport
- Regional transportplan
- Regional kulturplan
- Regional næringsplan

I tillegg til desse planane vart Regional plan for ny godshamn i Bergensområdet starta før denne planen.

Regional næringsplan og regional transportplan er ferdigstilte. Dei andre planane er i avslutningsfasen.

I Regional planstrategi for 2012-2016 vart det vedteke oppstart av følgjande planar:

- Regional plan for ferjefri E 39 Aksdal- Bergen
- Kompetanse og arbeidskraft
- Plan for landskap, grønstruktur og friluftsområde
- Klimaplan- rullering
- Utviklingsplan for indre Hordaland
- Plan for kystsona

Fordeling og forbruk i 2013

Midlane i fjor vart fordelt slik, og forbruket vart som følgjer:

Plan	Fordelt	Brukt
Regional kulturplan	1 240 530	1 240 530
Forvaltningsplan for vatn	100 000	100 000
Klimaplan for Hordaland 2014-2030.	200 000	199 425
Regional plan for lokalisering av ny godshamn i Bergensområdet	150 000	150 000
Regional plan for attraktive senter	900 000	1 060 000
Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Hardanger	350 000	351 270
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet	500 000	340 000
Diverse		2 800
Totalt	3 440 530	3 444 025

Det blei overført kr. 837 530 frå 2012 til 2013 grunna at det tok tid å kome i gang med planane. Det gjorde at det var spesielt stort press på planmidlane i 2013. I 2014 er det fleire planar som er i avslutningsfasen.

Framlegg til fordeling av midlar i 2014

Fylkesrådmannen rår til slik fordeling av midlane i 2014:

Planarbeid	Søkt beløp
Forvaltningsplan for vatn	kr. 150.000
Klimaplan for Hordaland 2014-2030	kr. 250 000
Regional plan for attraktive senter	kr. 550 000
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Hardanger	kr. 150 000
Plan for kompetanse og arbeidskraft	kr. 100 000
Regional planstrategi	kr. 150 000
Regional plan for folkehelse	kr. 30 000
Regional kulturplan	kr. 550 000
Utviklingsplan for indre Hordaland	kr. 300 000
Regional plan for Hardangervidda	kr. 42 000
Midlar til seinare fordeling	kr. 380 000
Sum	kr. 2 642 000

Dei einskilde planane er omtala nedanfor

Forvaltningsplan for vatn

Planen skal sendast på høyring 1.juli 2014, i medhald av EU sitt vassdirektiv. Planarbeidet er i rute. Kostnader går til lønnsmidlar 5 prosjektleiarane og til trykking. Fylkesrådmannen rår til å dekkje kr. 150.000 av regionale planmidlar til denne planen.

Klimaplan for Hordaland 2014-2030.

Planen er sendt på høyring . Kostnader går til kjøpte tenester/ konsulent, fotograf, trykking og høyringsmøte m.v. Fylkesrådmannen rår til å dekkje kr. 250.000 av regionale planmidlar til denne planen.

Regional plan for attraktive senter

Planen er inne i siste fase og vedtakast av fylkestinget i oktober 2014. Det er behov for midlar til konsekvensutgreiing (KU) og til løn til ein prosjektstilling (kr. 350000). I tillegg er det kostnader til møter i styrings- og arbeidsgruppe, annonsering, trykking m.m. Fylkesrådmannen rår til å dekkje kr. 550.000 av regionale planmidlar til denne planen.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Hardanger

Det er behov for midlar til møter i styrings- og prosjektgruppe samt temasamlingar. Fylkesrådmannen rår til å dekkje kr. 150.000 av regionale planmidlar til denne planen.

Plan for kompetanse og arbeidskraft

Det vil være behov for midlar til møter og andre utgifter i samband med start av prosessen. Fylkesrådmannen rår til å dekkje kr. 100.000 av regionale planmidlar til denne planen.

Regional planstrategi

Forarbeid til planstrategiarbeidet er satt i gang. Det vil være behov for midlar til møter og anna i samband med start av prosessen. Fylkesrådmannen rår til å dekkje kr. 150.000 av regionale planmidlar til denne planen.

Regional plan for folkehelse

Planarbeidet er i avslutningsfasen og den ble sendt til politisk handsaming i mars. Det er behov for midlar i samband med ferdigstilling og trykking av plan og planprogram. Fylkesrådmannen rår til å dekkje kr. 30.000 av regionale planmidlar til denne planen.

Regional kulturplan

Planen er i avslutningsfasen. Det er behov for midlar til regionsamling, konsulenttenester (kr. 330 000), høyringsmøter og til trykking av planen. Fylkesrådmannen rår til å dekkje kr. 550.000 av regionale planmidlar til denne planen.

Utviklingsplan for indre Hordaland

Det er behov for midlar til konsulentbistand, møter mv. til forarbeid til planen. Fylkesrådmannen rår til å dekkje kr. 300.000 av regionale planmidlar til denne planen.

Regional plan for Hardangervidda

Midlane skal gå til oppfølging av vedtatt Handlingsplan der Hordaland sin andel er på kr 42 000. Buskerud er hovudansvarlig for oppfølginga.

Fylkesrådmannen rår til å dekkje kr. 42.000 av regionale planmidlar til denne planen.

Fylkesrådmannen si vurdering

Forslag til fordeling av midlar for 2014 er i gjort med omsyn til behov som er meldt inn og ei rimelig fordeling basert på kor i prosessen dei ulike planane er. Det er fleire planar som er i avslutningsfasen, og noen er i startfasen. Anslaga for behovet for planmidlar er noe usikre og vil kunne justerast i løpet av året. Det gjeld særleg planar som er i startfasen. Planstrategien er under oppstart og gjennom forarbeida vil framtidige behov for planmidlar bli avklart. Plan for kompetanse og arbeidskraft er også under oppstart, og det er satt i gang forarbeid til utviklingsplan for indre Hordaland. Når planprogrammet til desse planane kjem opp til endeleg handsaming, skal dei omhandle planbudsjett og finansiering. Det gjer at det blir mogeleg å få eit betre oversyn over kostnadsfordelinga i dei kommande åra. Fylkesrådmannen rår difor også til å avsetje noko midlar til seinare fordeling.